

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Gyn. avdeling Ålesund: 70 10 59 50
Koordinering av time Ålesund: 70 10 59 54
Avdelingssjukepleiar Ålesund: 70 10 59 57

Gyn. avdeling Volda: 70 05 83 61
Dagkirurgiavdeling Volda: 70 05 82 63
Avdelingssjukepleiar Volda: 70 05 82 54

Pasientinformasjon

Utskraping etter abort

Utskraping etter abort

Informasjon til deg som skal / har vært til utskraping etter abort

Behandlinga

Ei utskraping vert utført for å rense livmorhola

Det vert teke ei blodprøve av deg for å bestemme kva blodgruppe du har. Er du Rhesus negativ, vil du få ei sprøyte før du reiser frå sjukehuset. Dette er for å hindre at du dannar antistoff i blodet ved evt. seinare svangerskap.

Kor lenge ein treng sjukemelding varierar, det vanlege er 3-7 dagar. Sjukemelding får du med deg frå sjukehuset, trengjer du vidare sjukemelding, ta kontakt med fastlegen din.

Etter behandlinga

Det er vanleg med litt blodig utflod (renselse) i 1-3 veker etter inngrepet, varierende med svangerskapets lengde. Du kan også få lette smerter / ubehag i magen dei fyrste dagane etter aborten. Dersom du får kraftig blødning, smerter eller feber, må du kontakte legen din.

For å unngå infeksjon bør du ikkje ha samleie, karbad eller nytte tampong dei fyrste dagane, eller så lenge du har blødning. Fyrste menstruasjon kjem vanlegvis etter ein månad, men dette kan variere noko.

Du bør elles ta det med ro og ta vare på deg sjølv dei fyrste dagane etter svangerskapsavbrotet. Det er ikke uvanleg at man føler seg nedfor og trøyt.

